

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**781**] N-26151 (Tidlegare omtala Hagland 1988a: 147, 150, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 47, 60; 1989: 99; 1989b: 156; 1990b: 18, 21 – Seim 1989: 344; 1991b: 23, Christophersen 1998: 27).

Innskrifta står på eit eigarmerke av tre med hake for feste mot den eine enden og eit handtakliknande innsnitt i motsett ende. Merket er 94 mm langt med 16 x 7 mm som største tverrsnitt. Funnet vart gjort i 1975 i Folkebibliotekstomta, felt FE i hovudfase 7/8, som kan daterast arkeologisk til perioden frå om lag 1175 til om lag 1275.

Runene står på den eine av breisidene og er tydelege og greie å lesa. Innskrifta tek til der "handtaket" på merket sluttar og er 15 mm lang. Runene er 12-15 mm høge. R. 2 (**r**) har ein krumt forma kvist som går frå staven og ned til grunnlina. Bogen går frå toppen og møter kvisten i god avstand frå staven.

† R †

a r i a

Ari á. 'Are eig'.

Mannsnamnet *Ari* er ikkje kjent i belegg frå Noreg i dei første hundreåra av mellomalderen. Etter vikingtida er det ikkje registrert belegg før ut på 1300-talet. På Island derimot er namnet godt dokumentert gjennom heile mellomalderen (Lind 1905-15: 31). Namnet finst også på ei tilsvarande innskrift frå Bryggen i Bergen (N614) der gjenstanden er datert i høve til eit brannlag frå 1198 (under - NIyR VI: 24f og Hagland 1989: 93f), og der det elles er runologiske drag som "peikar vestover". Det er difor interessant at innskrifta her som r. 2 har ein spesiell **r**-variant, der både toppen av bogen og kvist går ut frå staven. Bogen kan anten gå ned til kvisten som her, eller kryssa denne inntil han møter staven på nytt, som i N794 nedanfor. Det finst også ein heilt open variant, der løkkja ikkje når ned til kvisten. Denne **r**-typen, særleg den "opne" forma, har vore oppfatta som eit spesielt grønlandsk drag. Men teiknet er også kjent frå Island og Orknøyane (Stoklund 1981: 144 og 1982: 203; Hagland 1993b: 370). Den lukka forma synest ikkje å vera så sikkert knytt til ein runetradisjon vest i havet (Hagland 1989: 99, Liestøl 1956: 59f, Seim 1989: 344, Stoklund 1995: 535 med tilvisingar). Det er likevel eit argument som bør teljast med i vurdering av spørsmålet om proveniens, jamvel om kriteriet ikkje er eintydig.